

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29

Fylke: Sogn og Fjordane.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Gloppen

Emne: Julenissen.

Bygdelag Heile Gloppen

Oppskr. av: Ola Sande

Gard: Austrheim

(adresse): Sandane

G.nr. 69 Br.nr. 57.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

For det meste etter eiga røynsle, sumt etter bestefar (1817-1905).

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Julenissen er frå gammalt ukjend her i Gloppen. Fyrst i den seinare tid (dei siste 20 -30 åra) er det av og til brukt julenisse ved festar i julehelga. Han har då kome med julegåver, utkledd som julenisse med langt kvitt skjegg og med raud toppluve. Men dette med julenisse dei siste åra er plagiat utanfrå, frå byane og etter bilete, serleg på julekort, og etter forteljingar, serleg i julehefte.

2,3,4,5,6 og 8 og 9. I medfør av svaret under 1 fell serskilt svar på desse spørsmåla bort.

7. Julebukk og julegeit var det tale om i gamal tid, og eg høyrde det då eg var smågut (född 1877). Av og til vart born skremde med julebukk og julegeit. Men kva desse "utyska" var for noko, eller korleis dei såg ut, var det ikkje råd å få greie på. Det vart sagt for 60 - 70 år sidan, at den som ikkje fekk julegåve, laut "rida julegeita".

Eg spurde bestefar kva julebukk og julegeit var for noko. Han svara at julegeita var öltynna, det (dei fleste bryggja til jul då). Og julebukken var krakken som öltynna lag på. Men eg høyrde ikkje dette av andre, so eg kan ikkje lita på at dette var etter gamal tradisjon.

Ola Sande
Ola Sande